



Frå trafokiosk ved innkjørsla til Korsnes byggfelt.

I løpet av søndagen har ein god del eigendeler forsvunne frå ulike adresser i Korsnes og Kleivadalsområdet. Uvedkommande har teke seg inn i naust, garasjar og andre stader og har stole ein god del gjenstander. Noko er funne att ulike stader i området der det truleg har blitt lagra for seinare henting. Fleire har observert ein ung mann i området søndag ettermiddag. Fleire har meldt frå til politiet om saka.



Noko av det ein observant finnar fann.

Tjuveria som er kjent, har skjedd frå inst i Korsnes byggjefelt og ut mot Kleivadalen. Tjuvgods er funne att av tilfeldig observante forbiusserande på minst tre ulike stader i området. Blant det som er stole er m.a. verktøy som elektriske drill, kniv og fiskeutstyr, telt, sovepose og anna friluftsutstyr. Ein huseigar overraska ein ung, etnisk norsk mann då han var i ferd med å forsyna seg av vedlageret hans. Mannen framstod som sterkt rusa. Det vart også funne gjengløymde tablettar ein annan stad i Korsnes der uvedkommande hadde vore på ferde.

Fleire har også lagt merke til ein mann som i følge signalementet, er same personen. Ein grunn til at mange la merke til han, var at han slett ikkje var kledd etter veret i dei kraftige regnbygene søndag ettermiddag. I tillegg vart han oppfatta som rusa. Det er gode observasjonar som gjer at ein har godt signalement av mannen.

I eitt tilfelle gjekk han berande på ein verktøyskasse og ein sovepose utover på feil side av hovudvegen. Ein stad har han også teke seg inn til eit kjølerom, og der ser det ut til at han har laga seg ein nistepose.

Det er uklart korleis denne mannen har komme til området, men det vart observert ein ukjend båt som er komen til naustrekkja inst i Korsnes på søndag. ***I og med at ein ikkje hadde kjennskap til eigar av denne båten, vart eigaren etterlyst. Denne er no funnen, og det er dermed avklart at båten ikkje har noko med saka å gjera.***

Vi håpar politiet finn raskt fram til gjerningsmannen, men denne lite kjekke saka er ei påminning om kor viktig det er å låsa. Det er også viktig at dei som oppdagar at ting er vekke, melder frå til politiet.



Dette var plassert ved ein hagemur i den ytre delen av området.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Private.